

Nåsotur med 56 deltagarar - eit av vårens vakraste eventyr!

13.04.2010



Toppen av Nåsol! (Foto: Gunnlaug Vågen Tjelmeland)

**Det som var førehandsannonsert som ”eit av vårens vakraste eventyr” vart venteleg det for dei som møtte fram til tur i Tveitedalen sist søndag.
Vi turleiarane fekk oss ei real overrasking når vi oppdaga at heile 56 deltagarar hadde møtt fram og ville på tur. Her var det folk frå Bømlo, Stord, Fitjar, Tysnes og Etne men sjølv sagt flest kvinnheringar.**



[Litt skibering måtte til. \(Foto: Gunnlaug Vågen Tjelmeland\)](#)

Veret var strålende og turen vart gjennomført i eit tempo som såg ut til å høva bra for dei fleste. Vi la ruta litt mot aust slik at vi fekk med oss Sætraskårsnuten og Økterdalstind, med storlagten utsikt mot Matrefjorden, fjellheimen og Folgefonna, før vi inntok toppen av Ulvanåso med sine 1247 moh.



[I fint driv mot toppen. \(Foto: Gunnlaug Vågen Tjelmeland\)](#)

Her kunne vi nyta ein lang rast i stille og varmt vær før vi starta på nedfarten mot Snøholo og Dyrrendo på nydeleg skiføre.

På toppen fekk også deltakarane med seg litt kultur i form av diktet "Mitt Fjeld".

Dette vart skrive av Alfred Heimvik i 1929 då han sat som dreng på Trøgstad og lengta heim til fjellet sitt, Ulvanåso.

Takk til alle deltakarer for deira bidrag til ein vellukka og minneverdig tur!

Kvinnherad turlag
Ove Stokka og Svein Bergseth



Rast i Snøholo. (Foto: Gunnlaug Vågen Tjelmeland)